ALVER
KOMMUNE

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: 3dcf0cd4-50aa-4326-b2b5-355fab0b902d | Irene Wilhelmsen | 07.02.2023 |
| Vår: 22/5530 - 23/10470 | irene.wilhelmsen@alver.kommune.no | |

# Avkøyringsløyve - ny avkøyrsle BKB2 - KV 1023 - gbnr 188/421 Gjervik ytre

**Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:**

- Vedtaket gjeld påkopling av ny avkøyrsle til kommunal veg o_SKV13 for BKB2 i Knarvikplanen. *Etablering av ny avkøyrsle vil vere søknadspliktig og skal handsamast av byggesak.*
- Løyvet om ny avkøyrsle mot o_SKV13 er gitt med omsyn til rammesøknad. o_SKV13 er ikkje ferdig prosjektert og det vil kunne bli behov for mindre justeringar som må godkjennast ved IG.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle.

*Løyvet* er gitt med heimel i veglova §§ 40 til 43. Krava er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg».

**Saksutgreiing:**

Løyvet er basert på innsendte tekniske teikningar og 3d modell mottatt frå prosjektet. Det vil kunne bli mindre justeringa fram mot IG og endelig godkjenning av teknisk plan for veg skal vere godkjent før IG.

På bakgrunn av teknisk underlag kan avkøyrsla frå parkeringskjellar godkjennast slik den er plassert. Siktlinjer er i samsvar med regelverket, avkøyrsla ligg plant med området for renovasjon.

Overvatn (overflatevatn frå veg og fortau) må handterast slik at avrenning frå offentleg vegareal ikkje vert eit framtidig problem for parkeringskjellar.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**
Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Irene Wilhelmsen |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |